



Torleif Helvik, lydmannen frå Herøysundet som gjorde interessa si til eit yrke.

**Det er ein mann vi møter på mange festivalar og musikalar, ein mann som er avgjerande for å skapa ein god produksjon med lyd og lys. Det er Torleif Helvik, den rolege og alltid like blide lydmannen frå Helvik i Herøysundet. Vi møter Torleif minuttane før Stein Torleif Bjella går på scenen i Uskedalen.**

Torleif Helvik er produsent for Festidalen. Oppgåva hans er på skaffa leverandør for lyd og lys. Der gjer han på ein framifrå måte og med gode resultat. Det er to store firma på plassen. Det er BRIGHT på lyd, lys og anna utstyr. Haugesund Backstage står for alle instrument på scenen.

Torleif Helvik har alltid hatt interesse for musikk. Alt som 14 åring fekk han vera lydassistent på Kulturhuset Husnes. Han tok musikkutdanning og har seinare organisert seg med eige firma. Helvik har faste oppdrag på Skånevikkbluesen og Sildajazzen i Haugesund. I haust- og vinterhalvåret har han arbeid for faste teater med mellom anna produksjon av musikalar. Han er fast lydmann for shantykoret Storm Weather.

Torleif Helvik bur i Etne, men er ofte innom slekta si i Kvinnherad. Av mange festivalar er Festidalen ein av dei beste. Her er ein god organisasjon med god leiing. Alt frivillig arbeid er avgjerande for å skapa ein festival med minnerike opplevingar. Torleif ser fram til ei travel helg i Uskedalen med mange framføringar på festivalområde, men også ute i bygda.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal